



Uskedal Trelastlager driv i dag trelasthandel på Beinavikjo og byggevarehandel ved Fylkesvegen på Brekktoppen.

**Kvinnherad Vekstbedrift kjøper Uskedal Trelastlager. Kjøpet er formelt godkjend og overdraginga gjeld frå 1. juli. Sjøkaptein Tørris Myklebust starta den tradisjonsrike verksemda i 1929 med trelasthandel på Eikelandet. Seinare kom det nytt stort lagerbygg i Beinavikjo og byggevarehandel oppe ved riksvegen. Ny eigar legg i dag fram planar for den vidare drifta.**

Dagleg leiar i Kvinnherad Vekstbedrift, Tor Vidar Sæle, fortel at partane har inngått ein aksjekjøpsavtale med fusjonering av dei to verksemdne. Med dette kjøpet vil Kvinnherad Vekstbedrift får langt betre plass. All produksjon og utstyr vert flytta innadørs og det som i dag står ute på plassen i sentrum, vert rydda.

Ved- og palleproduksjonen vert flytta til Beinavikjo. Det same gjeld for snikkarverkstaden, jern og betong, utegruppa og andre lagerfunksjonar. Ein vil halda fram med trelasthandel, men i noko mindre omfang. Lagerbygget i Beinavikjo har eit areal på 1700 rutemeter.



Kvinnherad Vekstbedrift fusjonerer og vert ny eigar av Uskedal Trelastlager.

I bygget oppe ved Fylkesvegen ynskjer ein å halda fram med sal av måling,- drifta som arbeidstrening innan ordningane Arbeidsforberedande trening ( AFT ) og Varig tilrettelagd arbeid ( VTA ). Dette vil skapa nye tilrettelagde arbeidsplassar i bygda.

70 % av noverande arealbruk vert flytta til Beinavikjo. Frigjort plass i eksisterande bygg skal brukast til eit utvida vaskeri, kantine, catering og det som er att av tekstilavdelinga.

Kvinnherad Vekstbedrift har i 10 år hatt ynskje om meir plass. Ei vurdering var kjøp Hellandsbygget på Husnes der Retroen er i dag. Slik gjekk det ikkje. Så kom salet av Uskedal Trelastlager opp som sak etter jul. Frå februar/mars har verksemda vore i forhandlingar med eigarane av Uskedal Trelastlager. Retronen på Husnes held fram som før. Verksemda har avtale om bruk av 850 rutemeter i fire år framover.

Tor Vidar Sæle er godt nøgd med fusjoneringa med Uskedal Trelastlager. Denne løysinga gjer at verksemda får betre plass og at ein kan behalda og utvida aktivitetane og arbeidsplassane i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal